

## Aldalen

Ein idyllisk dal der du kan oppleve orreleik, bade i ein kulp eller fiske i *Kvernaelva*. Klatrefelta er også ingrediensar som krydrar denne mangfaldige naturperla. Køyreturen gjennom Aldalen er ei naturoppleving i seg sjølv, med dei krappe *Vatnesvingane* ned til *Vatnedalen*. Ein rusletur til *Ullalandssetra* kan vi også tilrå.

### 2.26 Gamlesetrevegen

I dei bratte *Hjartåbergja* smeltar snøen tidleg om våren. Her går den oppmura gamle setrevegen frå *Hjartåbygda* til Aldalen. Vandringa kan høve for både unge og eldre.

Det er ei lett rute på berre **1 km** frå **140** til **240 m. 30 minutt** er ei høveleg tid ein veg.

Køyr 10 min frå Volda innover Austefjorden, parker ved turskiltet til Gamlesetrevegen 500 m aust for fonnoverbygga. Vegen passerer eit lite klatrefelt og endar ved den vakre kvelvingsbrua over *Kvernaelva*.

Grusvegen i Aldalen har så lite biltrafikk at du kan forlenge fotturen inn til Aldalsvatnet. På austsida av *Kvernaelva* er det laga ein traktorveg. Den kan du også følge mot vatnet. Her er det fint å halde til på ein fridag.

### 2.27 Aldalen - Snøhornet

Snøhornet ruvar bak *Ullalandssetra*, fjellet har ingen lette oppgangar. Men vestryggen er raudmerka, spennande, variert og gir utsyn over heile *Austefjorden*. Du stig frå **230** til **1309 m** på **5 km**. Ein **middels tung** topptur med bratte parti. Oppgangen kan gjerast på **3 timar** ein veg.

Køyr frå *Ullaland* på rv 651 mot Vatne, og parker etter 1 km ved *Kvernaelva*. Gå austover forbi ei hytte, nokre meter på ein skogsveg, og ta sikte på skaret nord for kollen på 490 m. Frå skaret vender du skarpt sørover på ei hylle og rundar heile kollen på fjordsida. Frå skaret aust for kollen går stien inn i nordsida av fjellet, og vender skarpt opp på sjølve vestryggen. Resten av ruta



Over: Restaurert kvernhus ved Aldalselva.

gir seg sjølv. Du kan gå over *Keipen* eller halde deg i skyggesida av *Keipen* frå 1000 m høgde dersom snøforholda tillet det. På toppen finn du ei lita steinbu og mange hellevaradar.

I 35 år har denne delen av Austefjorden vore mykje brukt av klatrarar. Nedre klatrefelt har kanskje den beste svaklatringa på heile Sunnmøre. Øvre klatrefelt eignar seg godt for nybyrjarar. På 90-talet har knausane ved *Ullalands-hammaren* og *Hunneset* fått nye klatreruter med høge vanskegrader.

*Ullalandssetra* ligg inst i dalen under *Snøhornet*. Ein traktorveg med lite stigning startar i furuskogen 1 km frå *Vatnesvingane*. Om du spanderer ein time her om hausten, får du tid til å nyte eit stort fargespekter.

*Koppefjellet*, 940 m, er mest besøkt i skisesongen, men turen opp frå *Hjartåsetra* kan også gjerast om sommaren. Eit par hundre meter med litt einer og buskas før du kjem opp i *snauffjellet*. Gå mot skaret og følg fjellryggen til topplåtaet.

